

KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/10/20

av 21. oktober 2005

om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om avgrensning av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr, for å tilpasse vedlegget til den tekniske utviklinga(*)*[meldt under nummeret K(2005) 4054]*

(2005/747/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensning av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 2002/95/EF krevst det at Kommisjonen vurderer visse farlege stoff som er forbodne i medhald av artikkel 4 nr. 1 i det nemnde direktivet.
- 2) Visse materiale og komponentar som inneheld bly og kadmium, bør få unntak (eller framleis ha unntak) frå forbodet, fordi det enno er uråd å unngå bruk av desse farlege stoffa i dei nemnde materiala og komponentane.
- 3) Nokre av unntaka frå forbodet bør for visse materiale eller komponentar ha eit avgrensa verkeområde, slik at bruken av farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr kan avskaffast gradvis etter kvart som desse stoffa vert bytte ut med andre stoff.
- 4) I medhald av artikkel 5 nr. 1 bokstav c) i direktiv 2002/95/EF bør kvart unntak i vedlegget minst kvart fjerde år eller fire år etter at eit punkt vert lagt til i lista, vurderast på nytt med tanke på å stryke materiale eller komponentar i elektrisk eller elektronisk utstyr frå vedlegget dersom det er teknisk eller vitenskapleg mogleg å fjerne eller skifte dei ut gjennom endringar i utforminga eller ved hjelp av materiale og komponentar som ikkje krev slike materiale eller stoff som er nemnde i artikkel 4 nr. 1, eller dersom

den negative innverknaden dei har på miljøet, helse og/eller tryggleiken til forbrukarane på grunn av utskifting er venta å vere større enn føremonene for miljøet, helse og/eller tryggleiken til forbrukarane.

- 5) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.
- 6) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2000/95/EF har Kommisjonen rådspurt produsentar av elektrisk og elektronisk utstyr, attvinningsføretak, handsamingsverksemdar, miljøorganisasjonar og arbeidstakar- og forbrukarsamanslutningar og sendt kommentarar til det utvalet som er nemnt i artikkel 18 i rådsdirektiv 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽²⁾, heretter kalla «utvalet».
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå utvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert endra slik det er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 21. oktober 2005.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 280 av 25.10.2005, s. 18, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2006 av 28. april 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 34 av 29.6.2006, s. 9.

⁽¹⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19. Direktivet endra ved kommisjonsvedtak 2005/717/EF (TEU L 271 av 15.10.2005, s. 48).

⁽²⁾ TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

VEDLEGG

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 7 skal lyde:

- «7. — Bly som loddemateriale med høg smeltetemperatur (t.d. legeringar med bly som inneheld minst 85 vektprosent bly),
- bly i loddemateriale til tenarar, lagringssystem og matriselagringssystem, utstyr til nettinfrastruktur for kopling, signalering, overføring og nettverksdrift for telekommunikasjon,
- bly i elektroniske keramikkomponentar (t.d. piezoelektriske innretningar).»

2. Nr. 8 skal lyde:

- «8. Kadmium og kadmiumkomponentar i elektriske kontaktar, og dessutan overflatehandsaming med kadmium, bortsett frå bruk som er forboden i medhald av direktiv 91/338/EØF(*), som endrar direktiv 76/769/EØF(**) om avgrensing av marknadsføring og bruk av visse farlege stoff og preparat.

(*) TEF L 186 av 12.7.1991, s. 59.

(**) TEF L 262 av 27.9.1976, s. 201.»

3. Nye nr. 11-15 skal lyde:

- «11. Bly som vert nytta i koplingssystem med bøyelege stiftar.
12. Bly som vert nytta som overflatemateriale til c-ring i varmeleiande modular.
13. Bly og kadmium i optisk glas og filterglas.
14. Bly i loddemateriale som er samansette av fleire enn to element som kopling mellom stiftane og mikroprossessorpakken, med eit blyinnhald på minst 80 men høgst 85 vektprosent.
15. Bly i loddemateriale for bruk til stabil elektrisk kopling mellom halvleiarskiver og -substrat i integrerte krinsar med Flip Chip.»
